

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.02. 2014
Sakhandsamar: **Per Karlsen**
Saka gjeld: **Bemanning i Helse Vest RHF administrasjonen**

**Vedlegg til
Styresak 0007/14**

Styremøte 05.02. 2014

Dagens opplegg

I desembermøtet vedtok Helse Vest styret under styresak 131/13B Inntektsfordeling 2014, inntektsramma for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for administrasjonen. I styresak 01014 Budsjett 2014 for Helse Vest RHF administrasjonen blir administrasjonens budsjett framlagt for styret i februar møtet.

Denne styresaka er handtert på lik måte som tidlegare år. Dette inneberer mellom anna at utgangspunktet for budsjettet er:

- Fjorårets vedtatt budsjett
- Justering for deflator oppgitt i Statsbudsjettet
- Nye bemanningsbehov

Nye årsverk i administrasjonen

Helse Vest RHF har i budsjettsaken for 2014 ei stillingsramme på 54 årsverk. Dette er ei auke på 2 årsverk frå 2013 og desse blir som vanleg framlagt og vedteke av styret.

Ei rekke regionale fellesløysingar blir dekt utanføre administrasjonsbudsjettet. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Systemansvarleg/arkitekt ressursar
- Innkjøpsprogrammet
- Innkjøp regional koordinator
- Innkjøp regionale ressursar
- Regional analyse funksjon
- med meir.

Felles for desse rollene er at arbeidstakaren har kontorstad som heilt eller delvis er på Forus og i praksis blir handsama på same måte som den faste bemanninga til RHF-et.

Handtering i dei andre regionane

Dei fire helseregionane kan definere kva som er administrative oppgåver ulikt. Dei andre RHFa oppgir denne bemanninga i RHF administrasjonen:

Helse Nord RHF:	55,5 tilsette (oppgitt i e-post og inkluderer internrevisjon)
Helse Midt-Norge RHF	66 tilsette (oppgitt i e-post og inkluderer internrevisjon)
Helse Sør-Øst RHF	178 tilsette (oppgitt i e-post og inkluderer internrevisjon)

Helse Vest RHF har ein bemanning på 54 årsverk/tilsette.

Helse Sør-Aust opplyser at styret ikkje opprettar stillingar i den forstand at det dreier seg om stillingsheimlar som skal fylles eller omdisponeras ved eventuell avgang. Planlagt ressursbruk i RHF-et vert vedteke kvart år i budsjettprosessen og endringar innanfor budsjett blir gjort administrativt.

Helse Nord får i ein årleg styresak fastsatt sine rammer for administrasjon og i denne saka gjerer det greie for endringar i bemanninga, men det er AD som gjer vedtar endringar i bemanninga løpande gjennom året.

Helse Midt-Norge har auka talet på tilsette med 3 personer nå i januar (overført frå Rusbehandling Midt-Norge som ble oppløyst ved årsskiftet) Adm dir har fullmakt til å tilsette, men det hender også at styret ønskjer å styrke områder og vedtar auke i bemanninga. Sist for eit par år sidan med 1 stilling for internrevisjon og 2 stillingar innan innkjøp.

Forslag til endring av opplegg

For å sikre ei god personalmessig handtering samt ha eit personalbudsjett som er meir i tråd med den faktiske situasjonen i RHF-et ønskjer vi å overføre nokre av stillingane som nå er finansiert på utsida av administrasjonsbudsjettet inn i administrasjonsbudsjettet. Dette gjeld:

- Systemansvarleg/arkitekt ressursar - Styringsinfo/økonomi (1 årsverk)
- Systemansvarleg /arkitekt ressursar – elektronisk pasientjournal (1,7 årsverk)
- Regional analyse funksjon (1 årsverk)
- Systemansvarleg /arkitekt ressursar- Innkjøp og logistikk (1 årsverk)

I tillegg foreslår vi at to av dei ti innkjøpsårsverka som er finansiert under kjøp av helsetenester flyttast over til administrasjonsbudsjettet. Organiseringa av innkjøpsområdet i vår region vil bli behandla på eit seinare tidspunkt.

Endringa fører til at 6,7 årsverk vert overført frå budsjettet til kjøp av helsetenester og overført til administrasjonen. Personalavdelinga må handtere overføringa av arbeidsgivaransvaret til RHF-et frå Helse Vest IKT AS etter gjeldande reglar.

Administrerande direktør tilrår at justeringar i bemanninga for framtida kan tas administrativt innan samla økonomiske ramme for RHF-et.